



Statsforvaltaren i Vestland

Vår dato:

13.09.2024

Vår ref:

2024/10782

Dykkar dato:

Dykkar ref:

202412819

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT  
(NVE)  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Eyvin Sølsnæs, 5764 3135

## Fråsegn til detaljplan for rehabilitering av dam Valldalen i Ullensvang

**Planlagt hovudrigg ligg nær ein hekkelokalitet for ein sårbar fugleart, og er ikkje godt skjerma av topografien. Konsekvensane av aktivitet på riggen i hekketida, er ikkje vurdert i detaljplanen. Vi ber derfor om at tiltakshavar undersøkjer moglegheitene for å ha ei ny lokalisering av riggområde som reduserer negativ påverknad på naturmangfaldet. Dersom det likevel viser seg at det ikkje er alternative riggområde som egnar seg for prosjektet, må aktiviteten på riggområdet tilpassast den sårbare hekketida.**

Vi viser til oversende høyningsdokument. Vi beklagar at vi, på grunn av stort arbeidspress for tida, er litt over svarfristen med tilbakemeldinga vår.

Statsforvaltaren vil presisere kva omsyn som må takast til ein sårbar fugleart i influensområdet for rehabiliteringsarbeidet

### Våre merknader

Det er omtalt i detaljplanen at utbyggjar har vore i dialog med oss om ein sårbar fugleart. På det tidspunktet var det planlagt oppstart av bore- og sprengingsarbeid i juli, som er utanom den mest sårbare perioden for arten. På grunn av magasinrestriksjonar og HMS, er det no planlagt å starte anleggsarbeida etter påske, og med boring og sprenging frå starten av mai.

Aktuell reirlokalitet ligg innafor tilrådd sikringssone for arten, men som det er omtalt, vil avstand kombinert med topografi tilseie at arbeidet ved tunnelmunninga truleg ikkje er kritisk for hekkinga. Vi reknar ikkje med at dette blir endra ved at oppstarttidspunktet for sprenginga blir framskunda til starten av mai.

Planlagt hovudrigg (R3A) ligg derimot nærmare lokaliteten, og er ikkje godt skjerma av topografien. Her er det ikkje planlagt sprenging, men støyande anleggsaktivitet så nært hekkeområde kan vere svært uheldig, og må derfor berre gjennomførast utanom hekkesesongen, som er perioden februar til juli.

Dersom aktivitet på riggen i hekketida vil føre til meir støy enn det som har vore vanleg med dagens funksjon som parkeringsplass, er konsekvensane av dette for hekkelokaliteten ikkje vurdert i detaljplanen, jf. naturmangfaldlova § 8.



Vi ber derfor om at tiltakshavar undersøkjer moglegheitene for å ha ei ny lokalisering av riggområde som reduserer negativ påverknad på naturmangfaldet, jf. naturmangfaldlova § 12.

Dersom det likevel viser seg at det ikke er alternative riggområde som egnar seg for prosjektet, må aktiviteten på riggområdet tilpassast den sårbare hekketida.

Ta gjerne kontakt for ytterlegare vurdering/drøfting omkring dette.

Vi legg elles til grunn at villrein blir ivareteke etter vanleg praksis, og i tråd med innspelet frå villreinnemnda.

Vi konstaterer at tiltakshavar har søknad til Statsforvaltaren om utsleppsløyve for tunneldrifta.

Med helsing

Magnus Johan Steinsvåg  
seniorrådgjevar

Eyvin Sølsnæs  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

Vestland fylkeskommune  
Ullensvang kommune  
Villreinnemda for Hardangerviddaområdet

Postboks 7900      5020      BERGEN  
Opheimsgt. 31      5750      ODDA